



## Konsert i Mandal

– Kva held du på med når du ikkje køyrer taxi, spør eg.

– Eg driv med høner, svarer han.

– Spannande.

– Dei har halde oss med egg i fleire år.

Eg møter blikket hans i spegelen.

– Egga du får kjøpt i butikken, kan ikkje samanliknast.

– Det trur eg på.

Eg fortel at eg kjem nordfrå og skal overnatte i ei hytte til i morgon.

Radioen står på, og eg kjennar att introen til «Brothers in Arms» med Dire Straits. Eg spør taxisjåføren om han veit at det er ein stor konsert i Mandal i kveld. Det kjenner han ikkje til.

Då eg seier namnet på bandet som spelar i kulturhuset, er det tydeleg at han ikkje har noko forhold til musikken deira. Eg fortel at det er ei stor hending og lurar på om han har køyrt mange andre til kulturhuset denne torsdagen.

Det har han ikkje.

Eg er den einaste.

Om det stemmer at det er ei så stor hending, burde avisa slått det større opp, meiner han. Eg seier meg einig og spør om han veit kor artistane pleier å overnatte når dei spelar i Mandal. Han nemner eit par stader i sentrum, men kan ikkje seie noko sikkert.

På radioen syng Mark Knopfler om at det berre finst éi verd, men at me lever i forskjellige.

Taxisjåføren spør heldigvis ikkje om kvifor eg reiser åleine. Etter å ha fått mobilnummeret hans og gjort ein avtale om at eg berre kan ringe når konserten er slutt, ynskjer me kvarandre ein god kveld.

Inne ser eg ein kiosk og kinoplakatar. Eg byrjar å lure på om eg er på feil stad, då eg får auge på ein kar i svart bandskjorte som trippar midt på golvet. Han og ein annan snakkar tysk saman, og det skulle ikkje forundre meg om dei har kome eins ærend frå Tyskland.

Det er berre nokre få dagar igjen til kommunevalet, og i ei kro til venstre for kiosken driv folk og førehandsstemmer for harde livet. Ingenting kan få dei til å skifte meining no. Folk ser letta og alvorlege ut og forsvinn ut av lokalet etter at dei har stemt.

Ingen nyttar høvet til å feire demokratiet med ein legendarisk konsert.

Bandet startar med fem akustiske songar, før det blir tyngre og meir massivt. Slik det pleier å vere. Eg blir glad for å høyre att songar frå nittitalet, songar eg ikkje har høyrte på lenge.

Etter 2 timar og 20 minutt avsluttar dei med å tolke det britiske bandet UFO som den naturlegaste ting i verda.

Eg ringer taxisjåføren. Når han kjem, viser det seg at han har høyrte rykte om kor bandet skal tilbringe natta. Me køyrer til ein stad som ikkje akkurat ser ut som eit hotell. Eg set meg på ei trapp og ventar. Det er ganske mørkt.

Etter ei stund kjem to karar gåande mot meg på brusteinane. Når dei kjem fram i lyset, ser eg at det er tyskaren med bandskjorta og kameraten. Me kjem i drøs, og det viser seg at dei har vore i Noreg mange gonger. Då eg fortel at eg såg bandet på Café Akvariet på Folken i Stavanger rett etter debutplata kom i 1991, er det som om me har vore vener heile livet.

Dei gir meg noko å drikke, og nett blir eg invitert til Tyskland.

Eg må berre ta med heile familien. Overnatting er ikkje noko problem. Hadde det ikkje vore så seint på kvelden, skulle eg ringt og fortalt det til dei der heime med ein einaste gong, seier eg.

FRANK TØNNESEN

Frank Tønnesen er låtskrivar og muskar. I denne spalta skriv han om hendingar og tankar som fell han inn.



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no

# Lyden av ei skattkiste

Om du ikkje kjenner Ljodahått, og du høyrer «Sommervise» eller «Eg stend eg, seddu», trur du kanskje at her har vi endå eit norsk-på-norsk-band. Nei. Dette er Sigbjørn Obstfelder og Olav H. Hauge.

MUSIKK

MARITA LIABØ  
marita@dagogtid.no

**D**ei stig inn, ei rekke herrar, svartkledde, med hatt, mellom publikum i halv-mørket. Dei plystrar samstemt på ein melankolsk melodi. Folk sluttar å skvaldre; no tar konserten til.

Dei tar plass bak instrument og mikrofonar. Eit par av dei spelar spedit, rislende. Snart lyder ei stemme, sober, men kraftfull.

– Der låg attum Svolder øy, på lur, ein skog av master, av skrog ein mur.

«Eg har visst komme til feil klode», tenker enkelte. «Eg skulle liksom på konsert.»

Magne Håvard Brekke når konserten er over og trampeklappen har lagt seg.

Folk skvaldrar igjen, kjøper øl eller går heim. Det er måndag. Vi er på ein pub der mange kjøper billett i døra, det vil seie at Ljodahått ikkje ante kor mange som kom. Her er blodfans og dei som just har funne fram til dei.

– Du kan kalle konsertane våre litteraturkonsertar eller musikk-framsyningar, seier Brekke.

– Vi gir dikta nytt liv gjennom musikken. Kvar diktargenerasjon har planta noko til inspirasjon for den neste. Tor Ulven og Kristofer Uppdal er borte, men orda deira er enno her. Vi bør vere merksame på dei og medvitne om at dei har

og Gotan Project. «Loddfævne» (Håvamål) er vilt festleg og medrivande.

At dagens ni medlemmer har spelt i lag sidan 2016, vitnar om at dei trivst med å bu i lag i dikta, for å parafrasere Olav H. Hauge, som er representert med tre dikt så langt.

– De spelar for fleire hundre i Berlin, og i Porsgrunn kjem 15. Blir de skuffa?

– Du veit, mange vil at kunst skal vere gratis. Vi kan ikkje spele gratis. Samtidig er det viktig for oss å spele på små klubbar og kulturhus, og ofte spelar vi for døra. I Noreg har vi dessverre ingen booker; vi spelar der vi er velkomne, seier Brekke.

TEATER- OG MÅLMANN

Det var i Tyskland det tok til. Brekke – vokalist og fiolinist – vil ikkje kalle seg frontfigur, men Ljodahått hadde ikkje blitt til utan han, og heller ikkje utan Ståle Caspersen, som spelar piano, gitar og toradar, syng og har komponert mykje av musikken. I 1989, då han spelte i The Tables, blei Caspersen med ein gjeng venner til Aust-Berlin for å besøke Brekke, som utdanna seg til skodespelar der.

– Det var starten på eit livslangt vennskap, seier Caspersen.

Brekke skulle etter planen heim igjen, men blei fast tilsett skodespelar i Berlin. Han har hatt roller i norske seriar og teaterstykke, blant anna Jon Fosses *Andvake*, men er eit meir kjent fjes i Frankrike. Har du sett *Le Bureau*, har du sett han. For tida spelar han i ei Christoph Martaler-oppsetting, basert på eit dikt av Emily Dickinson, på Schauspielhaus i Hamburg.

– Eg er framfor alt teatermann, understrekar han.

Ideen om å lage ei framsyning basert på dikt kom då ein fransk kollega spurde om ikkje han ville lage noko norsk. Brekke sa nei, men tanken var planta.

– Eg kjende ei dragning mot røtene mine. Naturen og språket. Mor mi er østerdøl, far min var stril. Eg er målmann. Nynorsk er eit knakande godt språk. Vi må halde det levande.

STERKE SAMAN

Rainer Süsmilch, som spelar trompet, althorn, concertina og munnharpe og har komponert musikk til blant anna «Den sort-



– Tor Ulven og Kristofer Uppdal er borte, men orda deira er enno her.

Magne Håvard Brekke, Ljodahått

Samtidig kan vi ikkje anna enn lytte, til det som er eit dikt av Per Sivle, basert på historia om slaget der Olav Tryggvason skal ha døydd i 999. Tonane musikarane set til diktet, er lyden av hav og vind, segl og skrog. På veggen bak scena ser vi ein teiknefilm: eit vikingskip på bølgene.

– Og fri, som han livde, han sakk i si grav, avsluttar vokalistten dystert.

Det blir tyst. «Her er så underleg.»

Men så brakar det laus med musikk.

Så jo, vi er på rett klode: Ljodahått's verd.

TIL INSPIRASJON

Ljodahått er ni mann som har som mål å løfte fram eldre norsk lyrikk. Det ligg i namnet; ein Ljodahått er eit norrønt versemål. Verken Edda, Olav Nygard eller Astrid H. Andersen skal ligge gøynde og bli gløynde, meiner dei.

– Eg vil ikkje kalle oss eit band. Vi er meir eit kollektiv med ulike artistar, forklarar primus motor

bidratt til å skape dagens forfattarar. Utan Tarjei Vesaas og Olav H. Hauge hadde nok ikke Jon Fosse blitt forfattar.

Brekke, som til vanleg bur i Paris og er skodespelar med tysk og fransk som arbeidsspråk, er opptatt av at det norske språket er i beit, særleg trua av engelsk.

– Noreg har blitt så altfor amerikanisert.

Ljodahått syng – eller resiterer – på norsk og berre norsk. Likevel har dei hatt mange fleire konsertar i andre land enn her heime, og rykta seier at enkelte blir så gripne at dei gråt.

SPORTSLEG

Vi som kan norsk, får diktperler i ny innpakning. Når Rainer Süsmilch syng «Drøm» (Hans Børli) eller «Innbying» (Tarjei Vesaas) med tysk aksent, blir det særeige. Fordi musikarane har røter i ulike sjangrar og epokar, høyrer vi jazz, ska og visesong, bossanova og folkemusikk, alt etter vokalist og komponist. Vi får assosiasjonar til Erik Bye og Tom Waits, Mods